

Saksnr: 2019/22-1

Saksbehandlar: David Aasen Sandved, Eva Moberg, Tor Titlestad, Roald Landøy, Knut Åland

Saksframlegg**Saksgang**

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|----------------------------------------------|-------------|------------|
| Hovudutval for kultur, idrett og integrering | | 12.11.2019 |

Tilskot ti drift av verna fartøy i Vestland - Reviderte retningsliner frå 2020**Forslag til vedtak**

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering meiner Vestland sine freda og verna fartøy utgjør ein viktig del av den regionale og nasjonale kulturarven.
2. For å styrke rammevilkåra til dei frivillige og aktiviteten med å ta vare på veteranskipa vil Hovudutval for kultur, idrett og integrering at tilskotsordninga for drift av verna fartøy vert vidareført i Vestland.
3. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek reviderte retningsliner for ordninga tilskot til drift av verna fartøy i Vestland.

Samandrag

Vestland er det fylket i Noreg med flest freda og verneverdige fartøy. Veteranskipa utgjør ein viktig del av den norske kulturarven og samferdselshistoria vår.

Gjennom såkalla SAVOS-tilskot tildeler Riksantikvaren statlege midlar til kommunar og fylkeskommunar som sjølv gir midlar til fartøyvern, i tilhøvet ein til ein. Både Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har nytta SAVOS-ordninga. I 2019 var det samla regionale og statlege tilskotet til ordninga for driftstilskot til verna fartøy på kr. 2. mill. Prosjektleiaren vil tilrå at tilskotsordninga vert vidareført i Vestland, med mindre justeringar av gjeldane retningsliner som har vore nytta både i Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar i 2019.

Rune Haugsdal
prosjektleiPer Morten Ekerhovd
påtroppande fylkesdirektør for
kultur, idrett og inkludering

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.

Vedlegg

- 1 Retningsliner - Tilskot til drift av verna fartøy i Vestland

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestland er det fylket i Noreg med flest freda og verneverdige fartøy. Veteranskipa utgjør ein viktig del av den norske kulturarven og samferdselshistoria vår. Veteranskipa fortel saga om livet langs kysten og i fjordane og grunnlaget for vår velstand. Frå siglende jektefart til dampande rutebåtar representerer veteranskipa sjølv livsnerven som vevde Vestland saman.

Fartøyvern er eit fagområde der frivillige, lag og organisasjonar tar på seg eit stort fagleg og økonomisk ansvar. Dette bevaringsarbeidet bygger identitet og skapar fellesskap. Tilskotsordninga for drift av veteranskip i Vestland er eit bidrag frå det offentlege for å støtte opp om dugnadsarbeidet og aktiviteten med å ta vare på Vestland sin viktige kulturarv.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Vurderingar og verknader

Gjennom såkalla SAVOS-tilskot tildeler Riksantikvaren statlege midlar til kommunar og fylkeskommunar som sjølv gir midlar til fartøyvern, i tilhøvet ein til ein. Både Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har nytta SAVOS-ordninga. I 2019 var det samla regionale og statlege tilskotet til ordninga for driftstilskot til verna fartøy på 2. mill. Storleiken på tilskot for 2020 vert handsama av Fylkestinget i ordinær budsjetthandsaming.

Både Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har i 2019 nytta same retningslinjer/kriteriesett for tilskotsordninga. Fylkesrådmannen tilrår mindre justeringar. Søknadsfrist er 1. desember 2019. Målet med tilskotsordninga er å stimulere til frivillig aktivitet der det skal vere mogleg for alle å engasjere seg og bidra til å fremje kystkulturen som del av vår felles kulturarv og identitet, som kjelde til kunnskap, oppleving og verdiskaping, gjennom støtte til drift og forvaltning av større verna eller freda fartøy i Vestland. Justeringane gjeld sjølv sagt det nye fylket sin geografiske avgrensing. Andre endringar vil ikkje gjelde sjølv innrettinga av ordninga, berre presiseringar med ei tydeleggjering av kva som er absolutte kriterier og kva som gjeld skjønn. Det er ikkje gjort endringar på dei mest sentrale avgrensingane på ordninga: storleik på fartøy (minst 100 bruttoregister tonn) eller kapasitet (minst 20 passasjerar). Forslag til retningslinjer frå 2020 er å sjå i vedlegg til saka.

Økonomi: Storleiken på tilskot for 2020 vert handsama av Fylkestinget i ordinær budsjetthandsaming.

Klima: Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at saka har relevans for t.d. klimaavtrykk.

Folkehelse: Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa, og det er brei interesse og stor oppslutning rundt mange av fartøya.

Regional planstrategi: Tilskotsordningane er sentrale verkemiddel for å følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan i Hordaland 2015-2025. PREMISS: KULTUR og Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027. Kultur for alle.

Konklusjon

Fylkesrådmannen vil tilrå at tilskotsordninga for driftstilskot til verna fartøy vert vidareført i Vestland, med mindre justeringar av retningslinjer